

NVE
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

v/Konsesjonsavdelinga

Deres ref.:
NVE 200707760-2 ktd/omoe
NVE 200707760-3 ktd/omoe
NVE 200707760-5 ktd/omoe

Vår ref.:

DB/jh 303 2010/1-1

Dato:

04. januar 2010

Søknad om løyve til senking av vasstand under LRV for reguleringsmagasina Sulevatn, Store Juklevatn & Vesle Juklevatn

Me syner til Dykkar brev med godkjenningar av våre revurderingar av Dam Sulevatn, Dam Store Juklevatn og Dam Vesle Juklevatn samt tilhøyrande korrespondanse.

Heimelen for bygging og drift av Borgund Kraftverk med reguleringar og overføringar i Lærdalsvassdraget er gitt ved Kongeleg Resolusjon den 7. oktober 1966, på dei vilkår som er nemnd i Industridepartementet si tilråding av same dato. Denne resolusjonen byggjer på lov om vassdragsreguleringar av 14. desember 1917.

Østfold Energi AS vil med dette søke om senking av vasstand til under LRV for magasina Sulevatn, Store Juklevatn og Vesle Juklevatn. For alle tre magasina ynskjer ein å kunne senke vasstande ned til luketerskel. I praksis vil neppe senking ned til luketerskel vere mogeleg grunna dårleg kapasitet og dårleg utforma senkekanalar oppstrøms, men ein stad mellom LRV og luketerskel er realistisk.

Østfold Energi AS

Postadresse:
N-6888 Borgund
Internett: www.ostfoldenergi.no
E-post: produksjon.indresogn@ostfoldenergi.no

Besøksadresse:
N-6888 Borgund
Telefon: 57 66 72 40
Telefaks: 57 66 72 41

Bankgiro:
8215.01.00956
FNR:
NO 879 904 412
MVA

Bakgrunnen for søknaden er:

1. Pålagt ombyggingsarbeid som skal utførast på oppstrøms side av dammen er avhengig av å verte utført tørt. Dette inkluderar grøfter, plastring, betongarbeid, steinbrot, osb. Deler av arbeida må utførast under LRV.
2. For å i størst mogeleg grad unngå is i området mellom LRV og HRV vil magasina verte senka ned mot LRV seinhaustes året før ombyggingsarbeida skal utførast
3. Lukene for desse magasina har svært dårleg tappekapasitet ved låg vasstand. Det er derfor naudsynt å la dei stå opne over lang tid for å vere sikker på at vasstanden er nede til ombyggingsarbeida skal utførast.
4. Dei tre magasina er senkemagasin utan terskel for LRV. Dette medfører at ein er avhengig av å regulere lukene for å ikkje senke magasina under LRV.
5. Punkt 1 medfører i seg sjølv nødvendighet i å halde magasina under LRV i sommarhalvåret.
6. Punkt 2 kombinert med punkt 3 og fire medfører at ein risikerer at LRV ikkje let seg halde. Ein får dermed eit behov for å kunne senke magasinet under LRV også i vinterhalvåret.

Omsøkte tiltak:*Sulevatn (MAGNR 441):*

- HRV: kote 1420,00 (loka høgde)
- LRV: kote 1413,00 (loka høgde)
- Luketerskel: kote 1412,20 (loka høgde)

Tidsrom for ynska senking av magasin ned til luketerskel er frå 1. oktober 2010 til 1. oktober 2011.

Store Juklevatn (MAGNR 446):

- HRV: kote 1286,00 (loka høgde)
- LRV: kote 1279,00 (loka høgde)
- Luketerskel: kote 1278,00 (loka høgde)

Tidsrom for ynska senking av magasin ned til luketerskel er frå 1. oktober 2011 til 1. oktober 2012.

Vesle Juklevatn (MAGNR 445):

- HRV: kote 1279,00 (loka høgde)
- LRV: kote 1276,50 (loka høgde)
- Luketerskel: kote 1275,70 (loka høgde)

Tidsrom for ynska senking av magasin ned til luketerskel er frå Frå 1. oktober 2011 til 1. oktober 2012.

Eventuelle konsekvensar:

ØE vil i utgangspunktet påpeike at dei omsøkte magasina vil verte haldne på LRV i den omsøkte perioden dersom NVE ikkje finn å kunne støtte vår søknad om mindre tilleggssenking.

Alle dei tre vatna er privat eigde og vert nytta til fiske. ØE er i konsesjonen pålagt å setje ut fisk i vatna. Kvaliteten på fisket i alle vatna er god. Alle vatna vert kvar vinter senka til LRV utan at ein kan påvise skade på fisket, og ei ytterlegare mindre senking vil truleg heller ikkje ha større negative effektar.

Området vatna ligg i vert nytta av tamrein. Ein kan ikkje påvise større negative effektar for tamreinen med dagens regulering, og ei ytterlegare mindre senking vil truleg heller ikkje ha større negative effektar.

Ved Sulevatnet passerar ei merka DNT løype, men denne rører ikkje sjølve vatnet. Ved Store og Vesle Juklevatn er det svært avgrensa aktivitet sett bort frå fiske og tamrein. ØE kan ikkje sjå at ei mindre og mellombels senking utover LRV vil ha større effektar. Magasina vil uansett verte haldne på LRV i det same tidsrommet dersom ein ikkje får løyvet til ytterlegare senking.

ØE har ikkje observert at erosjon er eit problem i samband med moverande regulering. Ein ser ikkje at ei relativt lita endring i LRV over ein sesong skulle kunne utgjere problem av denne type.


Østfold Energi har ein god dialog med grunneigarar for dei aktuelle areala, og dei er samde i våre planar for gjennomføring av myndigheitspålagte tiltak.

Me ser fram til Dykkar svar, og står gjerne til disposisjon om De skulle ha spørsmål.

Med venleg helsing
Østfold Energi AS



Bjørn Røvik
Kraftverkssjef



Dagfinn Bentås
Prosjektleder/VTA

Kopi:

- Knut Maristuen, 6888 Borgund
- Synnøve Kvenshagen, Gamle Ådalsvei 36, 3525 Hallingby
- Harald Brøyn, 6888 Borgund
- Per Breistøl, 6888 Borgund
- Dagfinn Kvamme, 6888 Borgund